

Norsk institutt for naturforskning
v/Erlend Birkeland Nilsen

7485 TRONDHEIM

Dato: 13.06.2014
Vår ref.: 2014/204-31
Saksbehandlar: jomragn
Dykkar ref.:

TILSKOTSORDNING FOR VILTFORMÅL 2014

Melding om vedtak, og oppfølging - Hønsfuglportalen

Vi viser til søknaden dykkar, datert 15. januar 2014, om tilskot til ovannemnde tiltak, arbeidspakke 2 (WP 2).

Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden for tilskot frå løyving som fylkeskommunen fordelar under den statlege tilskotsordninga Kap. 1425 post 71.3 *Tilskot til viltformål, Lokale vilttiltak mv.* Det vart gjort på møtet i Kultur- og ressursutvalet 13. mai, (sak PS63/2014).

Vedtak

Følgjande vedtak vart gjort vedkomande søknaden dykkar:

Kultur- og ressursutvalet fordelar følgjande tilskot til lokale vilttiltak for 2014. For søknad nr 13 (Hønsfuglportalen) får fylkesrådmannen fullmakt til å fastsetje storleiken på eventuelt tilskot inntil kr 50 000.

Fylkesrådmannen sin omtale og vurdering av søknaden står i saksframlegget. Saksframlegget og vedtaket er tilgjengeleg via lenkja: <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling/Details/1515>

Saksopplysningar

Ifølgje vedtaket over har fylkesrådmannen fullmakt til å fastsetje storleiken på eventuelt tilskot inntil kr 50.000. Som det står under omtale og vurdering av søknadene i saksutgreiinga, er det usikkert ut frå søknaden om prosjektet vil prioritere arbeid i Hordaland i 2014, eller om prosjektet ønskjer å prioritere arbeid i andre fylke. Fylkesrådmannen sin konklusjon i saka er at tilskot på inntil kr 50.000 føreset at Hordaland vert eit av fylka som vert med i arbeidet.

Utfyllande kommentarar

I retningsliner for tilskotsordninga, jf [rundskriv T-1/13](#) *Tilskotsordningar for 2014*, står det, under *Tilskot til viltformål (Kap. 1425 post 71)*:

Søknader om haustbare viltarter, unnateke villrein, grågås og kortnebbgås, skal adresserast til fylkeskommunen i det fylket der tiltaket skal gjennomførast.

Søknaden er adressert til 14 fylkeskommunar. Ifølgje finansieringsplanen i *prosjektsøknaden 2014* er samla omsøkt tilskot frå fylkeskommunane på kr 100.000, og det er spesifisert at «[d]et søkes om et bidrag på 50 000 fra den enkelte fylkeskommune». Ut frå søknaden vil det då vere tilstrekkeleg finansiering frå fylkeskommunane om to fylkeskommunar gjev tilskot på kr 50.000 kvar.

Oppfølging

Som det går fram av ovanstående er Hordaland fylkeskommune innstilt på å støtte prosjektet om det skjer tiltak i Hordaland i 2014. Vi ber i tilfelle om tilbakemelding **innan 3 veker** frå de mottek dette brevet, for nærare avklaringar og eventuell tilsegn.

Vår kontaktperson for vidare sakshandsaming er Jomar Ragnhildstveit, e-post jomar.ragnhildstveit@hfk.no eller telefon 55 23 93 08.

Med helsing

Gudrun Mathisen
leiar

Jomar Ragnhildstveit
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.